



Arvid Ståle Pettersen  
Spondalen 59  
5121 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4816 - 22/69168

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
13.09.2022

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 424/284 Bø**

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå arealformål i plan.  
Byggjestad: Gbnr 424/284  
Tiltakshavar: Arvid Pettersen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.06.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er i motteken søknad berre søkt om dispensasjon frå arealformål i gjeldande reguleringsplan. Det er ikkje søkt om oppretting av ny grunneigedom (deling) eller arealoverføring etter reglane i plan- og bygningslova (Pbl). Skjemaet for rekvisisjon av oppmålingsforretning er lagt ved søknaden. Men dette kan berre nyttast i lag med søknad om deling. Eventuelt etter at delingsløyve er gitt.

Du må opplysa om du ønskjer å få handsama dispensasjonssøknaden først og deretter søkja om deling. Elles må du også søkja om deling/ arealoverføring. Ved søknad om arealoverføring vert arealet lagt til eksisterande eigedom utan at det først vert oppretta ny grunneigedom. Legg ved skjema som kan nyttast.

2. Det må søkjast om dispensasjon frå byggje- og delegrense mot sjø, Pbl § 1-8.
3. Eigar av gbnr 424/4,20 ser ikkje ut til å vera nabovarsla. Det må sendast inn kvittering for nabovarsling av denne eigedomen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 12.10.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **GENERELL INFORMASJON**

**Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

skjema-soknad\_rekvisisjon-\_alver-til-utfylling

**Mottakarar:**

Arvid Ståle Pettersen

Spondalen 59

5121 ULSET